



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

Postadresse
Ålfotbreen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Senter 3.etg,
Krånavegen 3
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
sfvlpost@statsforvalteren.no
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/11038-15 432.2

Dykkar ref.

Dato 08.10.2025

Ålfotbreen landskapsvernområde - referat etter møte i Rådgjevande utval 07.10.25

7.oktober kl 14.00 – 16.00
Quality hotell Florø

Desse møtte:

Vegard Fagerli – Sogn og Fjordane Energi AS
Svenn Petter Kjerpeset – Keipen turlag
Ola Jan Birkeland – grunneigar Gloppen
Leidulv Solvang – grunneigar Kinn
Ole-Daniel Solvang – grunneigar Kinn
Tor Arne Hauge – Midtre Nordfjord turlag
Jacob Nødseth - verneområdestyre
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

Saker:

1. Opning av møte

Styreleiar Jacob opna møtet og vi hadde ei kort presentasjonsrunde av dei frammøtte.

2. Orientering om saker og forvaltning i 2025

Verneområdeforvaltar Alf Erik gjekk gjennom forvaltninga av verneområdet siste året, med fokus på dei sakene som har blitt handsama av styret. Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

I tillegg til sakene som er omtala i presentasjonen har styret engasjert seg i saka om mogeleg utviding av vindkraftanlegget på Guleslettene. Ei slik utbygging kan påverke opplevinga i verneområdet og er soleis noko styret kan engasjere seg i.



Forvaltar orienterte og om prosessen med eventuell nasjonalparkstatus for Ålfotbreen. Alle tre kommunane har gjort positive vedtak om å få dette utgreia. Det vidare oppdraget med utgreiing og lage forslag til nye grenser og ny verneforskrift har gått til Statsforvaltaren i Vestland. Det er ein ganske tung prosess der det mellom anna skal vere medverknad og dialog med grunneigarar, kommunar, organisasjonar og næringsliv. Per i dag ligg dette litt på vent fordi Statsforvaltaren har fleire slike oppdrag som krev ressursar og departementet har gjeve dei andre oppdraga høgare prioritet.

Det vart og minna om:

- informasjonsfilmen om geologi: <https://www.youtube.com/watch?v=ZbIVdAKl6sM>
- besøksretta nettside med info om verneområdet: <https://www.alfotbreen.no/>
- verneområdestyret sine nettsider med sakspapir med meir: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Alfotbreen/?epslanguage=no>

3. Orientering om tiltak i 2025

Forvaltar orienterte om tiltak som har blitt eller blir jobba med i 2025, basert på tildeling av tiltaksmidlar:

- Rydding av skog i skogsveg i Hope – utført
- Oppsetting av informasjonsskilt i Brandsøy eller Brandsøyåsen – vert utført i haust
- Tilrettelegging i Førdedalen – Aktuelt i haust dersom vi får ein konkret plan
- Rydding av stiar i Nordalsfjordområdet – Usikkert
- Gjere ferdig hamn på Mettenes – utsett til 2026

Totalt har styret fått 250.000 i tiltaksmidlar i år

4. Aktuelle tiltak i 2026

Forvaltar gjekk gjennom prosessen med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet og kva tiltak som er aktuelle. Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

5. Innspel frå utvalet til forvaltning og styre

Innspel til tiltak i 2026:

- Martin Mettenes har meldt inn behov for ein wire eller liknande på eit vanskeleg parti. Forvaltar følgjer opp.
- Stien frå Åskora og opp til breen bør utviklast no når det er ny hytte ved breen. Bruken vil truleg auke. Behov for skikkeleg bru ved Litle Åskoravatn. Forvaltar følgjer opp saman med SFE.



Andre innspel:

- Vi bør ha ein gjennomgang på kva som er av sikringsutstyr langs ruta opp Skordalen i Hope, og kven som skal ha ansvar for dette.

Frist for å komme med innspel til tiltak for 2026 er 1.november. Innspel vert sendt til verneområdeforvaltar slik at dei kan kome med i sakspapir til siste styremøte i 2025.

6. Eventuelt

Ingen saker

Møtet avslutta med felles middag.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent